

Forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7 for Øystre Slidre kommune, Oppland

Fastsett av Landbruksdirektoratet 6. desember 2019 med heimel i lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon for erverv av fast eiendom (konsesjonslova) mv. § 7 første ledd, jf. delegeringsvedtak av 28. november 2003 nr. 1401 jf. forskrift av 8. desember 2003 nr. 1479 § 6.

§ 1

Konsesjonsfridomen etter konsesjonslova § 4 første ledd nr. 2 blir sett ut av kraft i Øystre Slidre kommune for ubebygd tomt som er regulert til bustadføremål.

§ 2

Konsesjonsfridomen etter konsesjonslova § 4 første ledd nr. 4 blir sett ut av kraft i Øystre Slidre kommune for:

- Bebygd eidegod som er eller har vore i bruk som helårsbustad.
- Eidegod med bebyggelse som ikke er teke i bruk som helårsbustad, herunder eidegod med bebyggelse under oppføring, i områder som i reguleringsplan etter plan- og bygningslova er regulert til bustadsformål.

§ 3

Konsesjonsfridomen etter konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1 vert sett ut av kraft for Øystre Slidre kommune for eidegomar som vert omfatta av § 1 og § 2.

§ 4

Denne forskriften trer i kraft straks. Frå same dato blir forskrift av 3. juli 2012 nr. 672 om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7, Øystre Slidre kommune, Oppland, oppheva.

Frå 1.1.2020 skal forskriften si overskrift lyde «Forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7 for Øystre Slidre kommune, Innlandet», i samsvar med lov om endringer i inndelingslova (nye fylkesnavn) av 22.06.2008 nr. 84 § 29 med ikrafttreding 1.1.2020.